



Særutskrift

Arkivsak-dok. 20/00151-11
Saksbehandlar Marianne Bolghaug

Særutskrift - Tilstandsrapport 2019-20 Aukrabarnehagen og Aukraskolen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Livsløpsutvalet	03.06.2021	PS-11/21
2 Formannskapet	07.06.2021	PS-38/21
3 Kommunestyret	17.06.2021	PS-33/21

Livsløpsutvalet har behandlet saken i møte 03.06.2021 sak PS-11/21

Møtebehandling

Kommunedirektøren si tilråding

Votering

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent

Livsløpsutvalets uttale

Aukra kommunestyre tek tilstandsrapport for Aukrabarnehagen og Aukraskolen 2019-20 til orientering

Formannskapet har behandlet saken i møte 07.06.2021 sak PS-38/21

Møtebehandling

Tilrådinga frå kommunedirektøren.

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt.

Formannskapetets innstilling

Aukra kommunestyre tek tilstandsrapport for Aukrabarnehagen og Aukraskolen 2019-20 til orientering.

Kommunestyret har behandlet saken i møte 17.06.2021 sak PS-33/21

Møtebehandling

Formannskapet si innstilling

Votering

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedtatt

Kommunestyrets vedtak

Aukra kommunestyre tek tilstandsrapport for Aukrabarnehagen og Aukraskolen 2019-20 til orientering.

Tilstandsrapport 2019-20 for Aukrabarnehagen og Aukraskolen

Aukra kommunestyre tek tilstandsrapport for Aukrabarnehagen og Aukraskolen 2019-20 til orientering

Bakgrunn

Kommunelova krev at kommunar har internkontroll med administrasjonen si verksemd. *Barnehagelova* viser til at barnehageeigar skal ha internkontroll. *Opplæringslova* presiserer at kommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova vert oppfylte og at naudsynte ressursar vert stilt til disposisjon.

Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

(Kommunelova § 25-1)

Internkontroll i barnehagen

Barnehageeier skal ha internkontroll for å sikre at kravene i denne loven med forskrifter følges.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasset barnehagens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal barnehageeier

- a) *utarbeide en beskrivelse av barnehagens hovedoppgaver, mål og organisering*
- b) *ha nødvendige rutiner og prosedyrer*
- c) *avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik*
- d) *dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig*
- e) *evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.*

(Barnehagelova § 9)

Ansvarsomfang for kommunen og fylkeskommunen

Kommunen og fylkeskommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, også å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.

(Opplæringslova § 13-10)

Tilstandsrapporten er ein del av Aukra kommune sin internkontroll. Dette er andre gong kommunedirektøren legg fram rapport for både barnehage og grunnskole.

Vurdering

Tilstandsrapporten viser tilstand og kvalitet på delar av barnehage- og grunnskoletilbodet;

- Bemanning, kompetanse, økonomi og litt om pandemi
- Barnehage- og skolemiljø
- Utvikling og læring

Tal og statistikk i rapporten er i hovudsak henta frå www.barnehagefakta.no og www.skoleporten.no

Det føreligg ein del statistikk for 2020-21. Den er teke med i rapporten.

Einingsleiarar i barnehage og skole, samt assisterande styrarar har vore aktivt med i arbeidet med å utarbeide rapporten.

I tidlegare rapportar hadde Aukra kommune kommunale mål ved å samanlikne statistikk frå kommunen med statistikk frå nasjonale tal. Vi har arbeidd med å prøve å lage kommunale mål for elevane si *progresjon* i læring og utvikling. Vi er ikkje i mål med arbeidet.

Administrative konsekvensar

Ikkje relevant.

Folkehelsekonsekvensar

Progresjon i utvikling og læring gir god folkehelse.

Økonomiske konsekvensar

Ikkje relevant.

Jan Erik Hovdenak

Kommunalsjef drift og forvaltning

Ingrid Husøy Rimstad

Kommunedirektør

Særutskrift

Barnehagar og skolar i Aukra inkl. råd og utval

Kontrollutvalet i Aukra

Statsforvalteren i Møre og Romsdal

Utdanningsforbundet

Fagforbundet

Vedlegg

Tilstandsrapport 2019 - 20

RETT UTSKRIFT

DATO 21.juni.2021